

Referat frå Time Pensjonistlag sitt opne møte 22. november 2023.

Lokala i Sivdamsenteret var duka til fest. Bord men kvite dukar og fine glas venta alle dei 98 frammøtte .

Leira opna med å ønskja alle velkomne. Han orienterte om programmet for møte , og tok oss med på ei reise gjennom Time Pensjonistlag si historie.

Så gav han ordet til Herdis Gunn Rødne, fylkesleiar i Rogaland Pensjonistforbund. Ho kunne opplysa om at Pensjonistforbundet har 260000 medlemmer på landsbasis. Desse er fordelt på 17 fylkeslag og 750 lokallag. Vidare orienterte ho om saker forbundet arbeider med, og ho oppfordra folk om å melda seg inn. Det er viktig å vera mange, mange medlemmer gjer forbundet sterkt.

Viktige saker er:

Pensjon. Leggja til rette for at eldre må få delta i arbeidslivet om dei ønskjer. Trygg alderdom. Aldersvenleg samfunn og anna.

Ho fekk applaus for godt innlegg, og leiar takka og gav blomar.

Vår gode fylkessekretær var også med. Ho fekk ros av leiar for god service. Også ho fekk velfortente blomar.

Så var det Arnt Olav Klippenberg sin tur. Etter et liv som journalist, moromann og skodespelar, er han no forfattar på heiltid. Han fortalde om bakgrunnen for bøkene han har gitt ut dei siste åra.

På hytta i Rekefjord ser han rett opp på Oddsfjellet. Kor har dette fjellet namnet frå. Då fekk han høyra om Orvar Odd. Han vaks opp på Bergly i Sokndal. Denne mannen reiste i viking rundt i Europa og er ein av Noregs store vikingar. Han enda sine dagar på Bergly, og han vart gravlagd på dette fjellet som seinare fekk namnet Oddsfjellet.

Arnt Olav fortel at denne saga om Odd, fekk han til å grava i saga. Han blei så fasinert at han fekk hug til å skriva ein roman. Dette utvikla seg til å bli ei reise gjennom den tidlige saga om Noregs første kongar, heilt fram til Sigurd Jorsalfar.

Detter har resultert i fem romanar.

Som vanleg greidde Arnt Olav å trollbinda sitt publikum, og eg trur fleire enn skrivaren kjem til å lesa desse bøkene.

Arnt Olav fekk velfortent takk frå leiar, som så inviterte til måltid.

Me fekk servert varmrett med focaccia brød frå kjøkenet på Sivdammen. Måltidet vart avslutta med kringle og kaffi.

Takk til Sivdamheimen, og takk til dei frivillige som var med og fekk maten ut til alle dei frammøtte.

Alle som møtte, fekk kvar sitt lodd. No var det trekning, og tre heldige fekk med seg gevinstar heim. Etter dette takka leiar av, og alle dei frammøtte gjekk kvar til sitt. Det vart teikna 7 nye medlemmer under møtet.

Takk til alle som møtte, og takk til alle som var med og gjorde dette møtet så vellukka som det vart.

Refrent

Jens Malvin Nesse

sekretær